

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune  
Møtedato: 13.05.2013  
Møtetid: 09:30  
Stad: Møterom: Formannskapssalen (Rettsalen)  
Møtenr.: 5/2013  
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen (rekneskapsfører) sakene 31 - 32/13.  
Revisor sakene 31-32/13.

Melding til: Ordfører(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no).

### SAKLISTE

Sak 029/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.  
Sak 030/13 Skriv og meldingar.  
Sak 031/13 Årsrekneskapen 2013 - Flora kommune.  
Sak 032/13 Årsrekneskapen 2013 - Allhuset Eikefjord.  
Sak 033/13 Rolla til kontrollutvalet.  
Sak 034/13 Oppfølging av bystyrevedtak.  
Sak 035/13 Oppfølgingsliste 5-2013 – Flora.  
Sak 036/13 Eventuelt.

Flora, 06.05.2013.

Bjarne Holme (s)  
Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 029/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 06.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.05.2013	029/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

## 030/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 06.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.05.2013	030/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

SM 31-13: Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune v/ordførar om Tilskot private barnehagar, datert 23.04.2013.

SM 32-13: Revisjonsmelding, Kinn kyrkjelege fellesråd 2012.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Flora kommune  
Postboks 13  
6901 FLORØ

Førde, 23.04.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 143/13

Arkiv: Flora

## TILSKOT PRIVATE BARNEHAGAR

Kontrollutvalet i Flora har i kontrollutvalsmøte 19.04.2013 vedteke å sende brev til ordførar vedrørende ei sak om tilskot til dei private barnehagane i Flora kommune. Saka har vore tema i kontrollutvalsmøta i Flora sidan januar 2013.

Kommunen skal yte tilskot til ordinær drift av alle godkjente ikkje-kommunale barnehagar. I Flora kommune gjeld dette barnehagane AL Furuhaugane barnehage og Sørstrand Fus barnehage. Tilskot til private barnehagar skal ytast i samsvar med barnehagelova § 14: (sitat)

### *§ 14. Kommunalt tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager*

*Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle godkjente, ikke-kommunale barnehager i kommunen, forutsatt at barnehagen har søkt om godkjenning før barnehagesektoren er blitt rammefinansiert.*

*Kommunen kan yte tilskudd til barnehager som søker om godkjenning etter at barnehagesektoren er rammefinansiert.*

*Godkjente ikke-kommunale barnehager, jf. første og andre ledd, skal behandles likeverdig med kommunale barnehager i forhold til offentlig tilskudd. Kongen kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om hva som menes med likeverdig behandling.*

*Kommunen skal utbetale tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager som skal motta tilskudd etter første eller annet ledd forskuddsvis hvert kvartal inntil kommunen fatter endelig vedtak om tilskudd.*

*Kommunens vedtak etter annet ledd kan påklages til fylkesmannen.*

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kommunen skal ha betalt ut tilskot til barnehagane, men det er ikkje fatta endeleg vedtak i sakene, slik det går fram av 4. avsnitt i § 14.

Kontrollutvalet hadde saka første gong til handsaming i møte 24.01.2013. Det låg då ved følgjande brev:

- Brev frå Furuhaugane barnehage til Flora kommune, datert 31.10.2012 der barnehagen etterlyser endeleg vedtak om kommunalt tilskot for 2011 og 2012.
- Brev frå Furuhaugane barnehage til Flora kommune v/barnehagemyndigheit, datert 21.12.2013 der barnehagen klagar på manglande vedtak frå Flora kommune om kommunalt tilskot.
- Brev frå Fylkesmannen til Flora kommune datert 09.01.2013, der Fylkesmannen viser til breva frå Furuhaugane barnehage til Flora kommune, og ber kommunen snarast gjere greie for kva status er for vedtaka som blir etterspurde.

Kopi av breva ligg ved.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak: *Kontrollutvalet ber om Flora kommune sitt tilsvaer på brev frå Fylkesmannen av 01.09.2012 om klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot til Furuhaugane barnehage.*

Til kontrollutvalsmøtet 01.03.2013 førelåg det ikkje noko svar på kontrollutvalet sitt brev til Flora kommune. Vedlagt saka var følgjande dokument:

- E-post frå Sekom-sekretariat til Flora kommune, datert 18.02.2013, om tilsvaer brev Fylkesmannen av 09.01.2013 om klage på manglande vedtak om kommunal tilskot for Furuhaugane barnehage.
- Arkivsak vedr tilskot barnehagar.
- E-post frå Sekom til Flora kommune – tinging av dokument vedr kommunalt tilskot til private barnehagar i 2012.

Kopi av dokumenta ligg ved.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak: *Kontrollutvalet ber om at rådmannen svarar Fylkesmannen og Furuhaugane barnehage vedrørende sak om tilskot til private barnehagar. Kontrollutvalet ber om å få kopi av tilsvara.*

Til kontrollutvalsmøtet 19.03.2013 førelåg det framleis ikkje noko svar på kontrollutvalet sin epost til Flora kommune. Vedlagt saka var følgjande dokument:

- Epost frå kontrollutvalet til Flora kommune om tilskot barnehagar Flora kommune, datert 08.03.2013.

Kopi ligg ved.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak: *Kontrollutvalet sender brev til ordførar om tilhøvet. Det vert sendt kopi av brevet til rådmannen og revisor.*

21.03.2013 har Flora kommune skrive til Furuhaugane barnehage med kopi til Fylkesmannen og kontrollutvalet. Av brevet går det fram at Flora kommune håpar å ha klare utrekningane for tilskot, slik

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

at endeleg vedtak om tilskot for 2011 og 2012, og førebels tilskot for 2013 kan gjerast i første halvdel av april 2013.

Som følgje av dette brevet, vart det ikkje sendt brev til ordførar, slik kontrollutvalet hadde vedteke. Kontrollutvalet vart orientert om dette.

I kontrollutvalsmøte 19.04.2013 låg nemnde brev frå Flora kommune føre. Det låg også føre brev frå Furuhaugane barnehage til kontrollutvalet, datert 09.04.2013 med Historisk oversikt kommunalt tilskot til Furuhaugane barnehage.

Kopi av breva ligg ved. Vedlegga til brevet frå Furuhaugane barnehage er ikkje lagde ved.

Under møtet 19.04.2013 vart det undersøkt ved å kontakte administrasjonen om administrasjonen hadde slutført arbeidet med utrekning av tilskot til dei ikkje-kommunale barnehagane. Tilbakemeldinga var at dette enno ikkje var på plass.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka: *Kontrollutvalet sender brev til ordførar om tilhøvet. Det vert sendt kopi av brevet til rådmannen og revisor.*

Kontrollutvalet viser til forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og til kommunelova § 77 om kontrollutval. Kontrollutvalet rapporterer sitt arbeid til kommunestyret. Kontrollutvalet har ikkje mynde til å kome med pålegg til rådmannen. Kontrollutvalet ber ordførar ta saka opp med rådmannen.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Vedlegg

Kopi: Rådmannen og KRYSS revisjon

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SM 32-13

# KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/  
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
[terje.forde@kryssrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no)  
[postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)  
Bank: 3705.08.27845  
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Kinn Kyrkjelege Fellestråd  
v/Dagleg leiar Herdis Elin Lexau  
6900 Florø

Dykkar ref.:  
Rekneskap 31.12.12

Vår ref.:  
Kryss/Kinn Kyrkjelege fellestråd/13

Arkivkode:  
210C72&14

Journalnr.:  
042/2013

Dokumentdato:  
15. april 2013

## REVISJONSBERETNING, KINN KYRKJELEGE FELLESTRÅD 2012

### Uttale om årsrekneskapen 2012

Vi har revidert årsrekneskapen for Kinn Kyrkjelege Fellestråd, som består av balanse per 31. desember 2012, og driftsrekneskap som viser eit negativt netto driftsresultat på kr . - 301 284,25. Etter at det er teke omsyn til interne finanstransaksjonar, er rekneskapen gjort opp i balanse. Investeringsrekneskap for rekneskapsåret er avslutta per 31.12.2012. Rekneskapen består også av ein beskrivelse av nytta rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

### *Kinn Kyrkjelege Fellestrådetts ansvar for årsrekneskapen*

Kinn kyrkjelege fellestråd er ansvarleg for å utarbeide og fastsette årsregnskapet og for at det gjer ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk, og for slik intern kontroll som fellestrådet finn nødvendig for å mogleggjere utarbeiding av eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

### *Revisors oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av revisjonshandlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avhenger av revisor sitt skjønn, herunder vurderingane av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det skuldast misligheiter, feil eller manglar. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av eit årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendigheitane, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.



### *Konklusjon*

Etter vår meining er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kinn kyrkjelege Fellestråd pr. 31.12.2012, og av resultatet for rekneskapsåret som blei avslutta 31.12.2012; i samsvar med lov, forskrift, god kommunal rekneskapskikk og god bokføringsskikk i Norge.

### **Uttale om øvrige forhold**

#### *Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrive ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen i all hovudsak stemmer med regulert budsjett i driftrekneskapen. I Investeringsrekneskapen er det ikkje gjort budsjetteringar for dei disposisjonane som er føreteke. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse for 2012.


#### *Konklusjon om årsrapporten*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrive ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsrapporten om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er elles i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk økonomisk informasjon», meiner vi at Kinn Kyrkjelege Fellestråd har oppfylt sin plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Kinn Kyrkjelege Fellestråd sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov, god kommunal regnskapsskikk og god bokføringsskikk i Norge.

Florø, 15. april 2013

Kommunerevisjonen  
Ytre Sogn og Sunnfjord  
Postboks 217, 6801 Førde  
  
Terje Førde, Revisjonssjef  
Revisjonssjef

  
Trine Vokuhl  
Kommunerevisor I  
 **KEYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

## 031/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 - FLORA KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 06.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.05.2013	031/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

### Saksvedlegg.

- Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Flora kommune.
- Årsrapport 2012, (Sendt frå Flora kommune).
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon, datert 15.04.2013..

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Flora kommune, datert 13.05.2013.

### KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL BYSTYRET:

Saksutgreiing

## ÅRSREKNESKAPEN 2012 - FLORA KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Flora kommune.

### Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

#### § 6. Regnskapsrevisjon

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.*

#### § 7. Uttalelse om årsregnskapet

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.*

#### § 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

*Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.*

*Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.*

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til bystyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann er invitert til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er invitert til møtet. Dei kan gje nærare informasjon om kontrollhandlingane som er gjorde i samband med revideringa av årsrekneskapen. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Til  
Bystyret i Flora

Florø 13.05.2013

## FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2012 FOR FLORA KOMMUNE

Årsrekneskapen 2012 for Flora kommune er handsama i kontrollutvalet i Flora 13.05.2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2012 for Flora kommune.
- Årsrapport 2012 Flora kommune.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.

Årsrekneskapen er levert av rådmannen. Rekneskapen syner eit brutto driftsresultat på kr. 53,3 mill, og eit netto driftsresultat på kr. 30,1 mill. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 3.1 mill.

KS si tilråding er at netto driftsresultat bør liggje på 3% av driftsinntektene for å sikre positiv økonomisk utvikling. Netto driftsresultat for Flora kommune er 3,45 % av driftsinntektene, noko som er godt over KS si tilråding.

Revidert driftsbudsjett på inntektssida var kr. 831,1 mill. Rekneskapen viser kr. 872,1 mill. Det vert vist til «Økonomisk oversikt – Drift» for detaljar. (Vedlegg 1 - side 2).

Revidert driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 792,9 mill. Rekneskapen viser kr. 818,8 mill.

Det er relativt store avvik mellom resultat og regulert budsjett på enkeltpostar i «Økonomisk oversikt – drift». Revisor har påpeika dette med atterhald i revisjonsmeldinga. Rådmannen har gjort greie for budsjettavvika i årsrapporten side 39.

Eksterne finanstransaksjonar var budsjettetert med kr. – 58,8 mill. Rekneskapen viser kr. – 57,5 mill.

Netto driftsresultatet er kr. 15,8 mill. betre enn budsjettetert.

For drifta i einingane viser kontrollutvalet til note 20 "Økonomisk oversikt drift pr. teneste" og til tabellen på side 44 i årsrapporten. Desse viser at ein samla på tenesteområda har lite avvik i høve til budsjett, og at det hovudsakleg har vore god budsjettdisiplin i einingane.

---

**Hovudkontor**  
6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 82 68  
Mob. tlf. 913 47 077  
e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

**Regionkontor**  
Hafstadvegen 21  
Postboks 338, 6802 Førde  
Mob. tlf. 976 15 363  
e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)  
Faks 57 72 20 10

Org.nr. 987 631 554  
Kontonr. 3705.08.3257

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Revisor har presisering kring inndekking av akkumulert underskot. Udekka underskot frå tidlegare år er dekkja med kr. 15,951 mill. mot budjsettert 8,951 mill.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Det er relativt store avvik mellom resultat og regulert budsjett på enkeltpostar i «Økonomisk oversikt – investering». Revisor har påpeika dette med atterhald i revisjonsmeldinga. Rådmannen har gjort greie for budsjettavvika i årsrapporten side 39.

Flora kommune har høg gjeldsgrad. Kontrollutvalet merkar seg rådmannen sine kommentarar om lånegjelda i årsrapporten side 36 og 37. Kontrollutvalet peikar på den høge lånegjelda.

Flora kommune har positiv arbeidskapital. Arbeidskapitalen er auka frå kr. 60,7 mill. pr. 31.12.2011 til kr. 108,2 mill. pr. 31.12.2012. Jfr balanseoversikta. Vi viser også til note 1 Endring i arbeidskapital.

Kontrollutvalet vil utover dette vise til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å omtale rekneskapen på ein tilfredsstillande måte.

I tillegg til atterhaldet og presiseringa som er nemnt ovanfor, har revisor skrive presisering om at rutinar kring berekningsgrunnlaget for tilskot til private barnehagar bør undergjevast særskilde vurderingar med fokus på kvalitetssikring av interne rutinar på saksområdet.

Med atterhaldet og presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Flora kommune 2012 kan godkjennast slik han ligg føre.

Bjarne Holme

Ingvar T Myrvollen

Björg Mikalsen

Berit Hovland

Eva Richter

---

**Hovudkontor**  
6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 82 68  
Mob. tlf. 913 47 077  
e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

**Regionkontor**  
Hafstadvegen 21  
Postboks 338, 6802 Førde  
Mob. tlf. 976 15 363  
e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)  
Faks 57 72 20 10

Org.nr. 987 631 554  
Kontonr. 3705.08.3257

# KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/  
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
[terje.forde@kryssrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no)  
[postimottak@kryssrevisjon.no](mailto:postimottak@kryssrevisjon.no)  
Bank: 3705.08.27845  
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Til Bystyret i Flora kommune  
v/Ordføreren

6900 Flora

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmann

Dykkar ref.:  
Kommunerekneskapen 2011

Vår ref.:  
\\Flora\rev.beretning2012

Arkivkode:  
210&14

Journalnr.:  
043 / 2013

Dokumentdato:  
15. april 2013

## REVISJONSBERETNING TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR FLORA KOMMUNE 2012

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Flora kommune FOR 2012, som er samansett av balanse pr 31.12.2012, driftsrekneskap som viser *ett netto driftsresultat (overskot)* på kr 30 107 512,96. Etter at det er teke omsyn til interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 121 829,74. I tillegg følgjer investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr 31.12.2012, som inneheld ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar til rekneskapen.

### *Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleghald eller feil og manglar.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna *International Standards on Auditing*. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengig av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil og manglar. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap, som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for våre konklusjonar.

**Konklusjon:**

Vi meiner å kunne uttale at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Flora kommune pr 31.12.2012, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. 31.12.2012, i samsvar med lov, forskrift, god kommunal rekneskaps-skikk og god bokføringsskikk; - jfr. likevel *forbehold* og *presiseringar* nedanfor.

**Uttale om andre tilhøve****Konklusjon om budsjett**

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen er samanstillt og i det alt vesentlege stemmer med regulert budsjett; jfr. likevel *forbehold* nedanfor:

◊ *Forbehold:*

*Lov om kommuner og fylkeskommuner §§ 46 og 47, omhandler årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad. I denne samanheng viser vi til dei registrerte avvika som går fram av økonomiske oversikter for drift og investering. Rådmannen har gjort greie for budsjettavvik i årsrapporten for 2012.*

**Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter *internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjons-oppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk økonomisk informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskaps-skikk og god bokføringsskikk.

**Andre forhold:**

Utan at det har betydning for våre konklusjonar ovanfor, vil vi kome med følgjande *presiseringar*:

- ◊ *Rutiner kring berekningsgrunnlaget for tilskot til private barnehagar bør undergjevast særskilde vurderingar med fokus på kvalitetssikring av interne rutinar på saksområdet.*
- ◊ *I årsrekneskapen er det bokført ei inndekking av udekket underskot frå tidlegare år med 15,95 mill. kr., medan det i revidert budsjett for 2012 var budsjettert med ei inndekking på 8,951 mill. kr.*

Flora den 15. april 2013  
**Kommunerevisjonen**  
 Ytre Sogn og Sunnfjord  
 Postboks 477 6801 Førde  
  
 Terje Førde/Revisjonssjef  
 Dagleg leiar/Revisjonssjef

  
 Trine Vokuhl  
 Kommunerevisor I  
 **KRYSS REVISJON**  
 KOMMUNEREVISJONEN I  
 YTRE SOGN OG SUNNFJORD



## NKRFs REVISJONSKOMITÉ

Til  
NKRFs medlemmer

Oslo, den 13. februar 2013

### **INFORMASJONSSKRIV 2/2013 – VESENTLIGE BUDSJETTAVVIK I REVISJONSBERETNINGEN**

#### **Innledning**

Etter § 5 i revisjonsforskriften skal revisor bl.a. uttale seg «om de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og om beløpene i den revisjonspliktiges årsregnskap stemmer med regulert budsjett.» NKRFs Revisjonskomité vil med dette informasjonsskrivet utdype nærmere kriterier for bruken av avvikende revisjonsberetning begrunnet i årsregnskapets budsjettopplysninger.

#### **Grunnlag for kommentar av vesentlige budsjettavvik i revisjonsberetningen**

Kommunal og fylkeskommunal sektors formål og oppgaver skiller seg på flere måter vesentlig fra privat sektor. Det samme gjelder eierskap, beslutningssystem og ansvarsforhold. Regnskap ført i henhold til kommuneloven er delvis forskjellig fra regnskap ført etter regnskapsloven. En vesentlig forskjell er at regnskapet etter kommuneloven også omfatter årsbudsjett jf. kommuneloven kapittel 8.

Regnskapets funksjon som kontroll av budsjettet (bevilgningskontroll) er langt mer fremtredende i utforming av regnskapssystem for offentlige virksomheter kontra private virksomheter. GKRS legger i notatet «Kommuneregnskapet – Rammeverk og grunnleggende prinsipper» til grunn at informasjon til regnskapsbrukerne om bevilgningskontroll – vise sammenheng mellom faktisk tilgang og bruk av midler og budsjett – er et viktig formål med kommuneregnskapet. Budsjettopplysninger har derfor en sentral plass i kommuneregnskapet.

*Hvilke betydning har denne forskjellen i regnskapsinformasjon i forhold til privat sektor for utførelsen av revisjonen av det kommunale- og fylkeskommunale regnskapet?*

Lov om kommuner og fylkeskommuner, kommuneloven, § 78 jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner m.v. (revisjonsforskriften) § 5, 4. ledd nr. 2 viser at revisor i (fylkes-)kommuner skal i tillegg til å uttrykke en mening om årsregnskapet også rapportere om de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og om beløpene i den revisjonspliktiges årsregnskap stemmer med regulert budsjett.



- Revisjonsforskriften § 3 gir en presisering av revisjonens oppgaver. Første avsnitt pkt. a viser at revisor skal se etter at beløpene i kommunens/fylkeskommunens årsregnskap stemmer med regulert budsjett slik det fremstår etter gyldig vedtak/endringer fattet på riktig beslutningsnivå, og at vesentlige avvik er redegjort for i årsberetningen. Departementets merknad til punktet presiserer at *det i revisjon av regnskapet skal inngå en vurdering av om de ressurser som i henhold til regnskapet er brukt på de ulike sektorer og formål stemmer overens med det som fremgår av tall-delen av virksomhetens budsjett.* I dette ligger at revisor skal se etter at det foreligger gyldige bevilgninger for den bruk av midler som regnskapet viser. Revisor skal se etter at mer- eller mindreforbruk som ikke er uvesentlig, er forklart/redegjort for. Departementet understreker at den vurdering det siktes til i § 3 pkt. a retter seg mer mot den tekniske kontroll om det foreligger gyldig bevilgning. Det dreier seg således om en kontroll med bruken av midlene i forhold til tall-delen av budsjettet.

Revisjonsforskriften § 3 med departementets merknader gir klare føringer for at regnskapsrevisjonen omfatter en vurdering av om det foreligger gyldig bevilgning for den bruk av midler som regnskapet viser.

Etter ISA 315 punkt 15 skal revisor opparbeide seg en forståelse av kommunens risikovurderingsprosess for å;

- a) identifisere forretningsrisikoer som er relevante for målene for finansiell rapportering,
- b) anslå risikoenes betydning,
- c) vurdere sannsynligheten for at de vil forekomme, og
- d) fastslå tiltak for å håndtere disse risikoene.

Under regnskapsrevisjon må derfor revisor håndtere risikoen for at bevilgningskontrollen svikter. Bevilgningskontrollen får derfor en sentral stilling ved revisjon av kommunale regnskaper. Revisor vil i tillegg til oppgavene med budsjett og budsjettavvik som er direkte nevnt i den kommunale revisjonsforskriften, måtte vurdere risikoen for at kommunens bevilgningskontroll sviker som en risiko.

Informasjonsskriv fra NKRFs Revisjonskomité 03/2012 – Normalberetninger i kommunal sektor for regnskapsåret 2011 og 04/2012 – Beretning for kommuner og fylkeskommuner med avvik fra normalberetning angir i pkt. 3.1 at:

- Vesentlige budsjettavvik skal tas med som forbehold til konklusjon om budsjett i revisjonsberetningen.
- Vesentlige budsjettavviket som ikke er tilstrekkelig redegjort for i årsberetningen - skal det også tas forbehold til årsberetningen.
- Vesentlige budsjettavvik som er tilstrekkelig redegjort for i årsberetningen - skal det henvises til redegjørelsen i omtale av forbeholdet til konklusjonen om budsjett.

Etter kommuneloven § 46 nr. 4 skal årsbudsjettet være stilt opp på en oversiktlig måte. Kommunestyrets og fylkestingets prioriteringer, samt de målsettinger og premisser som årsbudsjettet bygger på, skal komme tydelig frem. Forskrift om årsbudsjett § 6 viser de obligatoriske minimumskrav til inndeling av årsbudsjettet. I følge forskrift om årsregnskap og årsberetning § 3 skal driftsregnskapet og investeringsregnskapet vise regnskapstall på samme detaljeringsgrad som kommunestyret og fylkestinget har vedtatt i årsbudsjettet. Oppstillingen skal minst vise beløp for vedkommende årsregnskap, opprinnelig vedtatt årsbudsjett, regulert årsbudsjett og for siste avlagte årsregnskap.

### **Hvilken praksis finnes for vurdering og rapportering av vesentlige budsjettavvik i revisjonsberetningen**

NKRF har foretatt spørreundersøkelser blant medlemmene blant annet for å kartlegge praksis med forbehold for vesentlige budsjettavvik for revisjonsberetninger angående regnskapsåret 2010 og 2011. Undersøkelsen omfattet 212 fylkes-/kommuner for 2010 og 244 fylkes-/kommuner i 2011.

Undersøkelsen viste at det for 2010 var 19 og for 2011 var 34 revisjonsberetninger som var avgitt med forbehold om vesentlige budsjettavvik.

Undersøkelsen for 2011 viste at revisjonsenhetene i liten grad har interne retningslinjer eller fastsatt vesentlighetsgrense for vurdering av vesentlige budsjettavvik. Den viste også at flere av revisjonsenhetene ikke tar forbehold om vesentlige budsjettavvik i revisjonsberetningen når rådmannen har forklart budsjettavviket i årsberetningen.

### **Hva regnes som vesentlige budsjettavvik som skal omtales i revisjonsberetningen**

ISA 705 – «Modifikasjoner i konklusjonen i den uavhengige revisors beretning» og ISA 706-«Presiseringsavsnitt og avsnitt om «andre forhold» i den uavhengige revisors beretning» angir situasjoner hvor det skal tas forbehold, gis negativ konklusjon eller hvor revisor ikke kan uttale seg.

ISA 450 «Vurdering av feilinformasjon identifisert under revisjon» omhandler revisors oppgaver med og plikter til å vurdere virkningen av identifisert feilinformasjon for revisjonen og av eventuell ikke-korrigert feilinformasjon på regnskapet. Under veiledning og utfyllende forklaring til standarden punkt A19 og A20 fremkommer «Særlig hensyn knyttet til enheter i offentlig sektor». A19 viser ... *kan vurderinger av hvorvidt feilinformasjon er vesentlig også påvirkes av revisors oppgaver og plikter etablert gjennom lov, forskrift eller andre pålegg til å rapportere spesifikke forhold, herunder for eksempel misligheter*. A 20 ... *kan forhold som allmennhetens interesse, ansvarlighet, redelighet og sikring av et effektivt lovmessig tilsyn påvirke vurderingen av hvorvidt en post er vesentlig i kraft av sin natur*. Veiledningene og utfyllende forklaringene i punktene A19 og A20 antas å være sentrale i vurderingen av vesentlige budsjettavvik.

En viktig brukerinteresse i kommunal sektor som har bevilgningsregnskap er hvorvidt disposisjoner er i samsvar med vedtatt budsjett.

ISA 320 «Vesentlighet ved planlegging og gjennomføring av en revisjon» omhandler revisors oppgaver med og plikter til å anvende vesentlighetskonseptet ved planlegging og gjennomføring av revisjon av regnskap.

Vesentlig feilinformasjon blir i revisjonssammenheng vanligvis forklart jf. ISA 320 pkt. 2 ved at;

- De enkeltvis eller samlet, rimelig kan forventes å påvirke de økonomiske beslutninger som treffes av brukerne på grunnlag av regnskapet. Den skjønnsmessige vurderingen av vesentlighet påvirkes av feilinformasjonens størrelse og/eller type og vurderes i forhold til brukerne som en gruppe.

ISA 320 pkt. 10 til 13 omhandler fastsettelse og vurdering av vesentlighet. For kommuner og fylkeskommuner er budsjettet en del av regnskapet. Det må derfor vurderes om det skal fastsettes egne vesentlighetsgrenser for vurdering og rapportering av budsjettavvik. I følge standardens pkt. 10 skal ... *det i lys av enhetens særlige omstendigheter finnes en eller flere bestemte transaksjonsklasser, kontosaldoer eller tilleggsopplysninger hvor feilbeløp som er lavere enn vesentlighet for regnskapet totalt sett rimelig kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som treffes av brukerne på grunnlag av regnskapet, skal revisor også fastsette vesentlighetsgrensen eller grensene som skal anvendes på disse transaksjonsklassene, kontosaldoene eller tilleggsopplysningene.*

Revisor bør i planleggingen av revisjonen for den enkelte kommune fastsette egen vesentlighetsgrense for vurdering og rapportering av budsjettavvik. Ved fastsettingen av vesentlighetsgrense for budsjettavvik er følgende momenter sentrale:

- Kommunens økonomiske stilling
- Spesielle forhold i kommunen
- Drifts- eller investeringsregnskapet
- Budsjettets detaljeringsgrad
- Kommunen har netto- eller bruttobudsjettering
- Kommunes økonomireglement, herunder delegering av budsjettmyndighet til rådmannen
- Hvorvidt det foreligger et opprinnelig budsjett for posten i utgangspunktet eller ikke

Revisor bør i vurderingen av om budsjettavviket skal påpekes i revisjonsberetningen også ta hensyn til rådmannens forklaring i årsberetningen.

I en «normal» kommune kan 10 % avvik mellom budsjett og regnskap på den enkelte linje i regnskapsskjemaene, dvs. det detaljeringsnivå årsbudsjettet er vedtatt på, være et utgangspunkt for fastsettelse av vesentlighetsgrense for vurdering og rapportering av budsjettavvik. I tillegg til avvik i prosent, bør det vurderes å sette beløpsgrenser.

Med hilsen  
NKRFs revisjonskomité

Unn Helen Aarvold  
leder

## 032/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 – ALLHUSET I EIKEFJORD

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 06.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	13.05.2013	032/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Bystyret		-	-	Ja

### Saksvedlegg.

- Revisjonsmelding frå KRYSS- revisjon datert 15.04.2013.
- Årsrekneskap for 2012.
- Årsrapport for Allhuset Eikefjord 2011, datert 19.02.2012.
- Diverse.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 15.04.2013.
- Kontrollutvalet vurderer det slik at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

### KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL BYSTYRET:

Saksutgreiing

## **ÅRSREKNESKAPEN 2012 – ALLHUSET I EIKEFJORD**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/asgeir Tveit.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Allhuset i Eikefjord.

### **Saksopplysningar:**

Rekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på kr. 139.655,24. Det var budsjettert med eit meirforbruk på kr. 140.000,-. Ii alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjev innstilling/tilråding til bystyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding til Bystyret når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

I revisjonsmeldinga kjem det til uttrykk at årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit uttrykk for føretaket si økonomiske stilling pr. 31.12.2012.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

SEKOM-sekretariat viser til rekneskapen, revisjonsmelding og til det som elles ligg føre av dokument i saka. Revisor har ikkje merknader til rekneskapen i form av presiseringar eller atterhald. Vi vurderer det slik at rekneskapen bør godkjennast slik han ligg føre.

Administrasjon og revisor er innkalla til møtet, og kan evt. svare på spørsmål kring rekneskapen.



Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
terje.forde@kryssrevisjon.no  
postmottak@kryssrevisjon.no  
Bank: 3705.08.27845  
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Flora Bystyre  
v/Ordfører  
6900 Florø

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmann  
Dagleg leiar i Allhuset Eikefjord

Dykkar ref.:  
31.12.2012

Vår ref.:  
Flora/Allhuset  
Eikefjord/2012

Arkivkode:  
210D12&14

Journalnr.:  
040 / 2013

Dokumentdato:  
15. april .2013

## REVISJONSBERETNING 2012, ALLHUSET EIKEFJORD

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert særrekneskapen for Allhuset Eikefjord for 2012. I samsvar med Flora Bystyre sitt vedtak den 09.02.12i Byst-sak 014/12, er Allhuset Eikefjord organisert etter § 11 i Kommunelova, med lov-messig særbudsjett og rekneskap. Driftsrekneskapen inngår i Flora kommune sin rekneskap på eige tenesteområde, og er gjort opp ved at mindreforbruk i forhold til budsjett i drifta for 2012, kr. 36.767,47, er avsett til fond. Dette går fram av Flora kommune sin balanserekneskap pr. 31.12.2012, balansepost 2510111, med nemninga «Allhuset – teneste 651401». Styret har gjort vedtak om at «overskotet vert sett på fond til seinare bruk».

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen/rekneskapsoppstillinga for Allhuset Eikefjord, og for at det gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å inogleggjere utarbeidinga av eit særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av mislegheiter, feil eller manglar.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne særrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av revisjonshandlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avhenger av revisor sitt skjønn, herunder vurderingane av risikoane for at særrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det skuldast misligheiter, feil eller manglar. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av eit særrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av særrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

### *Konklusjon*

Etter vår meining er driftsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av resultatet for rekneskapsåret som blei avslutta 31.12.2012, i samsvar med lov, forskrift, god kommunal rekneskapsskikk og god bokføringsskikk.

### **Uttale om øvrige forhold**

#### *Konklusjon om særbudsjett*

Basert på vår revisjon av særrekneskapen som beskrive ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i særrekneskapen i all hovudsak stemmer med regulert budsjett.


#### *Konklusjon om årsberetninga/årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av særrekneskapen som beskrive ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsrapport for teneste 651401, om særrekneskapen for Allhuset Eikefjord, er konsistente med særrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av særrekneskapen som beskrive ovanfor, og kontrollhandlingar som vi har funne nødvendige i tråd med internasjonale standarder for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisorkontroll av historisk økonomisk informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt sin plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov, god kommunal rekneskapsskikk og god bokføringsskikk.

Florø, 15. april 2013

  
Terje Førde  
Dagleg leiar/Revisjonssjef


# ÅRSREKNSKAPEN FOR ALLHUSET EIKEFJORD 2012

Grp. Teneste: 650 Allhuset Eikefjord	Regnskap	Buds(end)	Regnskap
	2012	2012	2011
9010 Lønn og sosiale kostnader	162 901,95	158 000	19 104,91
9100 Forbruk drift	13 288,99	10 000	19 594,18
9180 Bygg, drift og avgifter	214 773,40	236 000	241 974,70
9200 Innkjøp og anskaffelser	50 958,87	42 000	-1 132,68
9300 Kjøp av tenester	309 106,00	316 000	278 746,00
9400 Overføringar/tilskot	45 409,88	50 000	70 456,34
9500 Finansutgifter	36 767,47	-	-
Sum utgifter	833 206,56	812 000	628 743,45
9600 Salsinntekter	-690 741,32	-667 000	-617 825,00
9900 Finansinntekter	-2 810,00	-5 000	-10 918,45
Sum inntekter	-693 551,32	-672 000	-628 743
 Sum grp. Teneste: 650 Allhuset Eikefjord	 139 655,24	 140 000	 -
 <b>TOTALT</b>	 <b>139 655,24</b>	 <b>140 000</b>	 <b>-</b>



	Regnskap 2012	Buds(end) 2012	Regnskap 2011
<b>Tenester 651401 Allhuset Eikefjord(tidl selskap10)</b>			
10101 FAST LØN TIL FAST TILSETTE	123 577,53	124 000	-
10804 MØTEGODTGJERDSLE FASTE RÅD OG UTVAL	20 374,00	16 000	16 744,00
10991 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	18 950,42	18 000	32 360,91
11001 KONTORMATERIELL	346,86	-	-
11201 ANNA FORBRUKSMATERIELL, RÅVARER	7 963,42	5 000	1 290,58
11220 REINHALDSARTIKLAR	2 930,06	5 000	4 819,73
11290 GAVER			377,00
11299 ANNA FORBRUKSMATERIELL, RÅVARER	1 836,85	-	13 072,38
11310 GEBYRER BANK, BETALINGSFORMIDLING	211,80	-	34,49
11801 STRAUM	154 041,85	160 000	180 573,45
11851 FORSIKRING EIGEDOMAR/MASKINER/UTSTYR M.M	11 406,00	18 000	11 242,00
11855 ALARMSYSTEMER	4 500,00	11 000	3 851,03
11951 AVGIFTER, GEBYRER OG LIENSER	2 324,65	3 000	2 199,12
11953 KOMMUNALE AVGIFTER	42 500,90	44 000	42 945,58
11955 LIENSAR NRK			1 163,52
12001 INVENTAR OG UTSTYR	18 088,49	18 000	9 378,08
12301 BYGGTENESTER, VEDLIKEHALD	13 119,66	8 000	2 081,64
12354 UFØRESETT BYGNING			-28 163,04
12401 SERVICEAVTALER OG REPARASJONER	8 000,00	8 000	12 113,01
12501 MATERIALER TIL VEDLIKEHALD	11 750,72	8 000	3 457,63
13510 TILSKOT TIL DISTRIKTSREVISJON	16 000,00	15 000	15 000,00
13801 Kjøp av tenester frå egne kommunale føretak	205 881,00	221 000	181 846,00
13802 TILSKOT TIL SÆRBEDRIFTER	87 225,00	80 000	81 900,00
14291 Moms generell komp.ordning	45 409,88	50 000	70 456,34
15501 AVSETNINGER TIL BUNDNE FOND	36 767,47	-	-
<b>Sum utgifter</b>	<b>833 206,56</b>	<b>812 000</b>	<b>658 743,45</b>
16301 HUSLEIGEINNTEKTER	-77 826,32	-85 000	-56 825,00
16302 Husleige frisør(Allhuset)	-17 000,00	-24 000	-24 000,00
16303 Husleige kommune(Allhus)	-512 665,00	-470 000	-450 000,00
16304 Husleige andre(Allhus)	-23 250,00	-28 000	-27 000,00
16305 Utleige pensjonistar(Allhus)	-60 000,00	-60 000	-60 000,00
19001 RENTER AV BANKINNSKOT	-2 810,00	-5 000	-3 343,00
19045 RENTER AV ANDRE FORDRINGAR			-461,00
19301 Bruk av tidlagare års overskot			-5 277,60
19801 Årets rekneskapsmessige underskot			-1 836,85
<b>Sum tenester: 651401 Allhuset Eikefjord(tidl selskap10)</b>	<b>139 655,24</b>	<b>140 000</b>	<b>-628 743,45</b>
<b>TOTALT</b>	<b>139 655,24</b>	<b>140 000</b>	<b>-</b>

	Saldo 31.12.12
2510111 Allhuset - teneste 651401	-36767,41



## Årsrapport for teneste 651401 –

### Allhuset Eikefjord 2012:

Organisasjonsforma for Allhuset har i driftsåret vore gjenstand for politisk vurdering. I februar gjorde bystyret vedtak om at huset vert drive vidare etter § 11 i kommunelova med eige budsjett og dgl. leiar i 15% stilling. Styret skal vere samansett av 5 medlemmar der 3 er valde av kommunen og 2 av organisasjonar i Eikefjord. So langt har det ikkje vore gjort endringar i tal medlemmar i styret som frå tidlegare utgjer 7 personar. Ein reknar med at tal medlemmar vert vidareført fram til nytt lokalval.

I mai fekk styret v/ dgl leiar førespurnad om å leige ut til kommunal barnehagedrift frå starten på nytt barnehageår. Etter dialog med dei faste og daglege brukarane av huset rådde styret til at delar av huset kunne nyttast for å løyse arealbehovet til barnehagen i bygda. I samband med dette vart det søkt om endring i bruksområde for delar av huset saman med uteområdet. Med velvilleg innstilling og fleksibilitet frå tilsette i både barnehage- og omsorgssektoren greidde ein å løyse utfordringane og det var klart for barnehagedrift frå august mnd. I denne prosessen vart bibliotekfilialen avvikla og desse lokalitetane teke i bruk til dagavdeling.

Samstundes med etablering av barnehagedrifta, melde heimetenesta om auka trong for spesialrom til medisinlager og administrering av legemiddel. Dette vart løyst gjennom dialog og sambruk av felles lokaler for frisør og fotpleiar. Det lyt likevel seiast at tiltaket nok har medført noko dårlegare vilkår for desse leigetakarane.

I samsvar med ynskjer frå brukarane av huset har det gjennom driftsåret vore gjort mindre tilpasningar i bygningen både før og etter barnehageetableringa. Soleis vart, etter oppmoding frå pensjonistlaget, folde-veggen i kafeen demontert tidleg vår. I haust vart det gjort mindre tømrararbeid i foajeen, og det vart investert i ny belysning. Utvendig har «tuneika» fått lyssetting, og området vert fint opplyst i mørketida.. Samla tilbakemelding på desse tiltaka har vore udelt positive.

Vidare har det vore jobba med å få trådløst nettverk, og før jul vart linja som kan mogeleggjere dette kopla opp. Til sist har styret også teke avgjerd om uttrykket i logoen som skal nyttast i brevark og liknande.

Det har vore helde 4 styremøter i driftsåret.

### Økonomisk resultat:

Rekneskapan for drift av Allhuset er avslutta, og overskotet er sett av til fond.

**Flora kommune**  
**ALLHUSET Eikefjord**  
Indrebøvegen  
6940 Eikefjord

**Godkjenning av årsmelding og rekneskap for driftsåret 2012 –  
Allhuset i Eikefjord**

I møte av 6.mars 2013 handsama styret for Allhuset Eikefjord årsmelding og rekneskap for 2012. I sak 2 og 3/2013 vart det gjort slikt vedtak:

1. Årsmelding og rekneskap vert godkjend slik det ligg føre.
2. Overskotet vert sett på fond til seinare bruk.

Eikefjord 10.mars 2013

Styreleiar Odd Stubhaug  
Sign

Randi Holsen Solheim  
dgl leiar  
sign

## Førde Terje


---

**Fra:** Solheim Randi <Randi.Solheim@flora.kommune.no>  
**Sendt:** 15. april 2013 18:02  
**Til:** Sunde Ruth Svortevik  
**Kopi:** Førde Terje; Førde Terje; Odd Arne Stubhaug <o-stu@online.no> (o-stu@online.no)  
**Emne:** Årsrekneskap og -melding 2012 Allhuset  
**Vedlegg:** godkjenning årsmelding og rekneskap 2012.doc; Årsmlediing 2012.docx

Hei igjen Ruth – som avtalt til grunnlag for møte i kontrollutvalet komande fredag, sender eg stadfesting på styrevedtak om rekneskap og årsmelding for 2012.

Vonar dette er tilfredstillande

Venleg helsing



Randi Holsen Solheim  
Dagleg leiar  
Mobiltf. 415 30 430



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Helse- og sosialutvalet	22.11.2011	036/11
Bystyret	06.12.2011	131/11
Kultur- og oppvekstutvalet	24.01.2012	006/12
Bystyret	09.02.2012	014/12

**Sakshandsamar:**  
Edvin Helgheim

**Arkiv:** K1-030  
**Objekt:**

**Arkivsaknr**  
11/1584

## **ALLHUSET - FRAMTIDIG DRIFT**

### **Kva saka gjeld:**

Drifta av Allhuset må vurderast og ryddast opp i. Rådmannen gjer framlegg om å drive huset som ein del av Omsorgstenesta, avdeling Eikefjord, medan Bygg- og eigedomstenesta tar ansvaret for sjølve huset.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

- 1) Drifta av Allhuset i Eikefjord blir lagt til Omsorgstenesta, avdeling Eikefjord.
- 2) Ansvaret for vedlikehald og reinhald blir lagt til Bygg- og eigedomstenesta.
- 3) Dagleg leing vil ligge til omsorgstenesta i Eikefjord med 15% av ei stilling.
- 4) Ev endra budsjettmessige konsekvensar av omlegginga blir lagt på plass i justert budsjett 2012.

### **22.11.2011 HELSE- OG SOSIALUTVALET**

#### ***Framlegg:***

Ap og Krf la fram følgjande framlegg:

- "1. Allhuset i Eikefjord vert drive vidare etter § 11 i kommunelova, med eige styre og eige budsjett. Dagleg leiar i 15 prosent stilling som fast ordning, gjerne som ein del av omsorgstenesta.
2. Styret vert samansett av 5 medlemar, 3 valde av kommunen og 2 av organisasjonar i Eikefjord."

Høgre la fram forslag om at saka vert å handsame i samband med nytt møte- og delegeringsreglement for Flora kommune.

#### ***Røysting:***

Rådmannen sitt framlegg vart røysta over, og vart samrøystes avvist.

Ap og Krf sitt framlegg vart sett opp mot Høgre sitt framlegg og det vart røysta. Begge framlegga fekk tre røyster og med leiar si dobbeltrøyst vart framlegget frå Høgre vedteke.

### **HSUT-036/11 VEDTAK:**

"Saka vert ruta til arbeidet med møte- og delegeringsreglementet i Flora kommune."

#### **06.12.2011 BYSTYRET**

##### ***Framlegg:***

Framlegg frå Repr. Jarle Storevik,AP:

Tok opp att AP og KRF sitt framlegg i HSU:

- "1. Allhuset i Eikefjord vert drive vidare etter § 11 i kommunelova, med eige styre og eige budsjett. Dagleg leiar i 15 prosent stilling som fast ordning, gjerne som ein del av omsorgstenesta.
2. Styret vert samansett av 5 medlemar, 3 valde av kommunen og 2 av organisasjonar i Eikefjord."

Framlegg frå Repr.Odd Bovim,V:

Saka vert sendt attende til KUOP for handsaming der før handsaming i bystyret

##### ***Roysting:***

Framlegga frå Storevik,AP og Bovim,V vart sett opp imot kvarandre til røysting.

Framlegget frå Bovim,V vart vedteke med 18 mot 17 (AP,FRP,SV,SP og KRF)røyster.

#### **BYST-131/11 VEDTAK:**

Saka vert sendt attende til KUOP for handsaming der før handsaming i bystyret

#### **24.01.2012 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET**

##### ***Framlegg:***

Framlegg frå Repr.Trine Hovland,H:

Nytt pkt.5:

Kommunen går i dialog med Eikefjord grendalag om eit brukarstyre for Allhuset i Eikefjord.

##### ***Roysting:***

Rådmannen si tilråding og framlegget frå Hovland,H vart samrøystes vedteke.

#### **KUOP-006/12 VEDTAK:**

- 1) Drifta av Allhuset i Eikefjord blir lagt til Omsorgstenesta, avdeling Eikefjord.
- 2) Ansvar for vedlikehald og reinhald blir lagt til Bygg- og eigedomstenesta.
- 3) Dagleg leiing vil ligge til omsorgstenesta i Eikefjord med 15% av ei stilling.
- 4) Ev endra budsjettmessige konsekvensar av omlegginga blir lagt på plass i justert budsjett 2012.
- 5) Kommunen går i dialog med Eikefjord grendalag om eit brukarstyre for Allhuset i Eikefjord.

09.02.2012 BYSTYRET

*Framlegg:*

Framlegg frå Repr.Jarle Storevik,AP:

1. Allhuset i Eikefjord vert drive vidare etter § 11 i kommunelova, med eige styre, eige budsjett og dagleg leiar i 15 % stilling som fast ordning.
2. Styret vert samansett av 5 medlemar: 3 valde av kommunen og 2 av organisasjonar i Eikefjord.

Venstre v/Bovim ber om gruppemøte.

*Røysting:*

Framlegget frå Jarle Storevik,AP vart samrøystes vedteke.

**BYST-014/12 VEDTAK:**

1. Allhuset i Eikefjord vert drive vidare etter § 11 i kommunelova, med eige styre, eige budsjett og dagleg leiar i 15 % stilling som fast ordning.
2. Styret vert samansett av 5 medlemar: 3 valde av kommunen og 2 av organisasjonar i Eikefjord.

Terje Heggheim,  
rådman

Gunnar Førland,  
kommunalsjef



**Innleiing:**

Styret for Allhuset i Eikefjord har bede om at denne saka blir teken opp til handsaming for å avklare driftsforma for Allhuset. Bystyret gjorde i sak 44/94 vedtak om at Allhuset i Eikefjord blei organisert som kommunal verksemd. Allhuset vart ikkje meldt inn til sentrale register som ei kommunal bedrift, men har i samsvar med Kommunelova §11 vore driven som kommunal institusjon med eige styre. Dette betyr i praksis at Allhuset har hatt sitt eige budsjett og har rapportert direkte til bystyret.

Tenesteleiar for omsorgstenesta i Eikefjord hadde inntil siste omorganisering av omsorgstenestene dagleg leiing av Allhuset. Etter at omorganiseringa vart omsorgstenesta i Eikefjord ei avdeling under Pleie- og omsorgssjefen, og avdelinga i Eikefjord blir styrd av ein avdelingsleiar. Då vart administrasjonsressursen i Eikefjord redusert, og noko av det som var teke ut, var dagleg leiing av Allhuset, som var lagt direkte i staben til Pleie- og omsorgssjefen. Dagleg leiing blir no kjøpt inn i ei 10-15% stilling.

Dagleg leiar har ansvar for oppfølging av huset med budsjett, vedlikehald og saker som elles kjem opp t.d. i styret. Omsorgsavdelinga handterer framleis utleige. Allhuset kjøper vaktmeisterteneste i 30% stilling og i tillegg reinhaldsteneste frå Bygg- og eigedomsavdelinga. Dessutan kjøper Allhuset rekneskaps- og revisortenester.

Ved omsorganisering av Kultur og fritid i 2004, vart det gjort vedtak om å legge ned bibliotekfilialen i Eikefjord som ligg i Allhuset. Etter initiativ frå omsorgstenesta vart biblioteket drive vidare i regi av omsorgstenesta med ei 20% stilling, som eit tilbod m.a. til brukarar av Allhuset og dei som bur i omsorgsbustadane. Biblioteket er ikkje formelt eit bibliotek i samsvar med bibliotelova og oppfyller ikkje krava til eit moderne bibiootek. Biblioteksjefen har eit visst ansvar for rådgjeving, men det er ikkje budsjett til å kjøpe inn nye bøker.

Omsorg leiger delar av huset til kontor og aktivitetsrom for dagtilbod, og det er to mindre utleigeiningar i huset som blir brukte i butilbodet i Eikefjord.

Det har vore halde møte med styret for Allhuset, før nytt styre var valt ved konstitueringa i haust, og med Helse- og omsorgstenesta. Etter møtet har styret for Allhuset i Eikefjord kome med ein uttale som ligg ved. Styret tilrår at huset blir drive vidare med eige styre, i aller fall ut 2011, at drifta må ha lokal forankring, men at styret gjerne kan vere mindre enn no.

**Vurdering:**

Drifta av Allhuset er noko uoversiktleg, som saka viser, og det bør komme ei opprydding og avklaring. Etter rådmannen si vurdering er det to alternativ:

- 1) Huset blir drive vidare etter §11 i Kommunelova, med eige styre og eige budsjett. Ei fast ordning med dagleg leiar i 10-15% stilling må på plass, gjerne framleis som ein ein del av omsorgstenesta.
- 2) Huset blir drive som eit ordinært kommunalt bygg i kommunal teneste og lagt under Omsorgstenesta som òg har den daglege leiinga av huset. Administrasjonen blir styrka med 15% stilling for å ta den daglege leiing av huset. Det blir oppnemnt eit brukarstyre som skal halde kontakten til og ta vare på interessene i lokalmiljøet.

Alternativ 1 er stort sett slik Allhuset har vore drive til no, men unnatak av dagleg leiing den siste tida. Dette har fungert bra så lenge drifta var ein fast del av omsorgstenesta Styret har teke vare på lokale initiativ og har kanalisert m.a. dugnadsarbeid og gåver til huset og har kunna ta ansvar for ting som måtte gjerast på huset, på eige initiativ. Større vedlikehaldstiltak har likevel stort sett vore betalt av Flora Kommune, t.d. ein takreparasjon i 2010 i samband med ein lekkasje.

Rådmannen vurderer det slik at alternativ 2 er den mest ryddige måten å drive huset på. Flora Samfunnshus blir drive på denne måten. Det er det største utleigebygget som kommunen driv, det blir drive som ein del av tenesta Kultur og frid, med ein dagleg leiar under kultursjefen. Dette er ryddig og lite byråkratisk. *Utleige* til lag, møte o.l. i Allhuset skjer alt gjennom omsorgstenesta. Huset er eit lite bygg i kommunal samanheng og med eit samla budsjett på ca 650 000 kr. Det vil lett kunne handterast i tenesta. I budsjettet er mesteparten av inntektene leigeinntekter frå kommunen samtidig som huset kjøper mesteparten av tenestene frå kommunen. Dette er ei fram- og tilbakeføring av midlar som er unødvendig. Då huset blei bygd, vart det samla inn pengar i lokalmiljøet. Engasjementet rundt huset har vore stort, og det er viktig å ta vare på dette engasjementet. Dette kan skje gjennom eit brukarstyre, der ulike grupper i Eikefjord er representert. Eit slik styre kan òg vere med å få til dugnad rundt huset og kome med andre innspel for å auke bruken av huset.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Det er føresett at huset stort sett skal bli drive innanfor eksisterande ramme. Bygg- og eigedomsavdelinga får tilført si ramme det same beløpet som Allhuset no brukar på å kjøpe av teneste frå Bygg og eigedom. Det blir gjort ein bygningsmessig gjennomgang av huset, og denne vil avsløre om det er manglar eller forsømt vedlikehald som må rettast opp. Dette vil i alle høve ha kome som ei utgift på huset.

Huset må sikrast ei dagleg leiing innanfor ramma på 15% stilling. Dette kan delvis dekkast innanfor dei kostnadene med kjøpte tenester på rekneskap og revisjon, og delvis med auka ramme. Ein gjennomgang av bibliotekordninga kan òg gå inn i denne vurderinga.

Endeleg rammeavklaring må skje gjennom revidert budsjett.

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

§ 11 i Kommunelova

#### **Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	28.09.2011	Allhuset v/styrelen Odd Stubhaug	Framtidig organisasjonsform for Allhuset Eikefjord - Fråsegn	

## 033/13 ROLLA OG OPPGÅVENE TIL KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat  
Dato: 06.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.05.2013	033/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg:

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommuneleva.
- Kontrollutvalsboka.

#### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan at sekretariatet har noko tilråding.

#### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **ROLLA OG OPPGÅVENE TIL KONTROLLUTVALET**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Kontrollutvalet vil diskutere rolla si og vurdere tiltak for å oppnå større gjennomslagskraft og auka kunnskap om rolla til kontrollutvalet.

### **Saksopplysningar:**

I kontrollutvalsmøte 19.04.2013 i sak 028/13 Eventuelt vart det teke opp spørsmål kring kontrollutvalet si rolle. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak: *«Kontrollutvalet vil i neste møte diskutere kontrollutvalet si rolle».*

Kontrollutvalet sine oppgåver er heimla i kml § 77 og i Forskrift om kontrollutval i kommunar og Fylkeskommunar. Det er også skrivi ein eigen rettleiar «Kontrollutvalsboka – Om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet», som gjev rettleiing om korleis kontrollutvalet kan og skal arbeide.

Diskusjonen om tiltak i arbeidet og rolla til kontrollutvalet bør vere med utgangspunkt i lov og rettleiar.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 034/13 OPPFØLGING AV BYSTYREVEDTAK

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 06.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.05.2013	034/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg:

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.

#### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet vurderer å innføre fast ordning med oppfølging av bystyrevedtak.
- Kontrollutvalet ber om rådmannen sin uttale i saka.

#### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **OPPFØLGING AV BYSTYREVEDTAK**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Vurdering av om kontrollutvalet skal innføre fast rutine med oppfølging av bystyret sine vedtak.

### **Saksopplysningar:**

Kontrollutvalsleiar har bede om at det vert sett på saklista å diskutere om ein skal innføre fast ordning med oppfølging av bystyrevedtak.

Det ligg ikkje nedfelt i lov at kontrollutvalet skal følgje opp eit kvart bystyrevedtak.

Oppgåva til kontrollutvalet vert å vurdere om ein skal ta saka vidare, og korleis ein skal gjere dette.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Kommunen bør ha rutinar for oppfølging av bystyrevedtak.

Ein del av denne rutinen kan vere at kontrollutvalet har som fast ordning i sine møte å følgje med på status i arbeidet med effektivering av bystyrevedtaka.

Før kontrollutvalet gjer endeleg vedtak i saka, bør det hentast inn informasjon om noverande rutinar for dette. Det bør også hentast inn uttale frå og diskuterast med rådmannen om korleis evt. rutinar skal vere.

Evt innføring av rutinar eller endring av rutinar bør vedtakast i bystyret.

## 035/13 OPPFØLGINGSLISTE 5-2013 FLORA

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 06.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	13.05.2013	035/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 5-2013 Flora.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 5-2013 Flora vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 5-2013 FLORA**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 06.05 2013.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring på lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**



## 036/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 06.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.05.2013	036/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.